



SAKSLISTE FOR ÅRSMØTE 2026

Arbeidsutvalet viser til innkalling sendt/publisert 11.03.2026.

Årsmøte vert haldt den 09. april klokka 18:00 på klubbhuset.

Saksliste:

Saksnummer	Saksnamn og innhald
Sak 1-26	Godkjenne innkalling
Sak 2-26	Godkjenne dei stemmeberettiga medlemmane
Sak 3-26	Val av møteleiar
Sak 4-26	Val av referent
Sak 5-26	Val av signantar for underskrift av protokoll
Sak 6-26	Orientering samarbeidsavtale Sparebanken Møre v/ Kjell Martin Ringset
Sak 7-26	Behandle idrettslaget si årsmelding for 2025
Sak 8-26	Orientering om budsjett og ferdigstilling av friluftstrase Strandafjellet
Sak 9-26	Gjennomgang årsrekneskap
Sak 10-26	Vedta budsjett for komande år
Sak 11-26	Fastsetje medlemskontingent og dato for utsending av medlemsavgift
Sak 12-26	Fotball - plassering av midlar i fond
Sak 13-26	Fotball - Fotballhall på Stranda
Sak 14-26	Val: <ul style="list-style-type: none">● Arbeidsutvalet: leiar, nestleiar, styremedlemer og varamedlemer (leiar/nestleiar veljast enkeltvis; øvrige og vara veljast samla).● Kontrollkomite (minst to medlemer + varamedlem).● Valkomité (leiar, to medlemer og eitt varamedlem).● Husstyret (tre medlem)● Hederskomite (tre medlem)



Saksgrunnlag

Sak 7-26 - Behandle idrettslaget si årsmelding for 2025

Sjå årsmelding publisert 2. april på Stranda idrottslag si heimeside.

Sak 8-26 - Orientering om budsjett ifbm. ferdigstilling av friluftstrase på Strandafjellet

Bakgrunn:

Stranda IL fekk i 2023 innvilga TEFT midlar til å oppgradere lysanlegget i lysløype aust (frå langrennshytta til Ringstadsætra). I løpet av 2025 gjennomførte vi denne oppgraderinga, der alle eldre armaturar i eksisterande lysløype og belysning er no basert på LED. Samstundes vart det gjennomført grøfting/drenering på fleire delar av traseen. Slutføring og oppgradering av lysløyper samt grøfting/drenering vil bidra til at anlegget i Hevsdalen vil verte heilheitleg og framstå som meir attraktivt for både lokalbefolkning og tilreisande, sommar og vinter.

For ferdigstilling står det igjen ca 1600 meter av traseen. SIL har i samarbeid med "Blådalslia"/Strandafjellet avtale om å fordele ansvar for halvparten av gjenstående trase på kvar av partane. Budsjett for ferdigstilling følger under:

Utgifter	Kostnad
Materialer	268.154 kr
Arbeid	136.700 kr
Totalt	404.854 kr
Påslag diverse, 13,5%	459.509 kr
Total eks. mva	459.509 kr
Total ink. mva	574.387 kr

Finansieringsplanen vil ha ei total ramme på 575.000 kr, der egenkapital på opp til 250.000kr vil vere ein del av ramma. Resterande er meint å dekkast inn med tilskot og sponsormidlar. Etersom søknadar på midlar ikkje er besvart p.t. er det vanskeleg å legge inn eksakte summar for dette akkurat no.



Sak 11-26 - Fastsetje medlemskontigent og dato for utsending av medlemsavgift

Forslag til vedtak frå arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet foreslår at medlemskontigenten vert ståande på 100kr. Dato for utsending av medlemsavgift foreslår ein endrast til 1. januar. Dette etter anbefaling frå kretsen, ettersom nye medlem vil verte fullverdige medlem ved innmelding.

Sak 12-26 Fotball - plassering av midlar i fond

Forslag til vedtak frå fotballstyret

Årsmøte i Stranda Idrottslag godkjenner at fotballgruppa kan plassere inntil 60 % av sine midlar i fond. Investeringane skal gjerast med langsiktig perspektiv og innanfor forsvarlege rammer, slik styret i fotballgruppa finn hensiktsmessig.

Bakgrunn

Stranda IL Fotballgruppa ynskjer å ha moglegheita til å plassere deler av sine oppsparte midlar i fond. Bakgrunnen for forslaget er eit ynskje om å forvalte midlane på ein meir langsiktig og hensiktsmessig måte, med moglegheit for betre avkastning enn ved ordinært bankinnskot. Samstundes blir klubbens økonomiske trygghet ivaretatt.

Fotballgruppa har i dag ein solid økonomi med ein stor kapital ståande som er knytt opp mot framtidige anleggsinvesteringar. Denne kapitalen står i dag på sparekontoar med dårleg rente. Vi foreslår derfor at ein avgrensa del av midlane kan investerast i fond med langsiktig tidshorisont.

Investeringa skal skje innanfor forsvarlege rammer og i tråd med god økonomisk forvaltning. Midlane vil fortsatt vere tilgjengelege for fotballgruppa sin aktivitet ved behov og plasseringa vil bli vurdert jamnleg.

Fotballgruppa ber derfor årsmøte i Stranda Idrottslag om godkjenning til å kunne plassere ein andel av gruppa sine midlar i fond.

Styret i Stranda IL fotball



Sak 13-26 - Oppstart prosjekt bygging av fotballhall

Forslag til vedtak frå fotballstyret

1. Årsmøtet i Stranda Idrottslag støttar at Stranda Fotball startar arbeidet med eit forprosjekt for etablering av fotballhall på Stranda.
2. Stranda Idrottslag sender ei formell bestilling til Stranda kommune om å starte opp prosjektet fotballhall i dialog med Stranda IL Fotball.

Bakgrunn

Dei siste åra har aktivitetstilbodet til barn og unge blomstra på Stranda. Med det høge aktivitetsnivået vi har i dag, ser ein at Stranda har manglande kapasitet til å dekkje behovet for aktivitetsflater på ein tilfredsstillande måte. Derfor ynskjer Stranda Fotball å starte arbeidet med å utrede og planlegge etablering av ein fotballhall på Stranda. Dersom fotballen etter kvart kan trekkje alle laga sine ut frå Strandahallen og Ringstad skule og over i ein fotballhall, vil det frigjere mykje kapasitet som kjem alle dei andre idrettane til gode. Ein fotballhall vil dermed vere med på å gi betre treningsforhald gjennom vinterhalvåret til fleire idrettar. Det vil igjen kunne bidra til å auke aktiviteten blant barn, ungdom og vaksne, samt styrke rekruttering og utvikling i idrettsmiljøet i bygda.

Stranda fotball fremjar denne saka på Stranda Idrottslag sitt årsmøte for å få årsmøte si støtte til å starte eit forprosjekt knytt til bygging av fotballhall.

Dette vil mellom anna innebere å:

- Utrede behov og mogleg løysing for fotballhall
- Sjå på aktuelle plasseringar
- Kartlegge finansieringsmoglegheiter (tilskot, spelemidlar, samarbeidspartnarar m.m.)
- Etablere dialog med kommunen og fylket om prosjektet

Vidare ynskjer Stranda Fotball at Stranda Idrottslag sender ei formell bestilling til Stranda kommune om å starte dialog og samarbeid kring prosjektet. Vi ser for oss at fotballhallen kan vere steg ein i eit større byggeprosjekt på Stranda, der t.d. ny barneskule, turnhall m.m. kan vere vidare byggjeprojekt tilknytta fotballhallen.

Styret i Stranda IL Fotball